

MØTEBOK

FELLESRÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
22.01.2025

Tilstades på møtet:

Medlemmer: Gerd Solheim, Linda Brandtun, Hanne Daae, Bjørn Helge Olsen, Anny Bertelsen, Anne Dahle Austrheim, Helge Dyrkolbotn

Varamedlemer: Inger Synnevåg

Andre:
Kommunal representant : Hege Ramsland.

Kyrkjevevja: Leif Arne Økland

Meldt forfall: Terje Håland, Torill Hordvik

Møtte ikkje: .Randi Keilegavlen Dyrøy

Saker til førehaving:
F – 01/25 – F – 07/25

Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:
Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 01/25 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

F – 02/25 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

Vedtak:

Anny Bertelsen, Bjørn Helge Olsen

F – 03/25 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 11.12.2024

Vedtak:

Møteboka frå sist vart godkjent.

F – 04/25 ORIENTERINGAR;

- Namna minnelund – endra plassering av gravfelt
- Utlysning av stilling som kyrkjemusikar
- Tilbod om utvida stilling for Evy Beate Uthaug

F – 05/24 OPPNEMNING AV ADMINISTRASJONSUTVAL.

Bakgrunn:

Vedtak om dette skulle vore gjort kort tid etter valet, sidan soknet har hatt administrasjonsutval (partssamansett utval) dei siste soknerådsperiodane. Grunna stabile forhold i staben, har det vore lite møteverksemd førre soknerådsperiode. Grunna kyrkjeverja sin foreståande avgang og internt opprykk i stillinga, fører dette med seg ein god del rokeringar i staben. AU har føretatt seg ein heil del allereie, ikkje minst med tilsetjing av ny kyrkjeverje.

Med alle rokeringane som no er i ferd med å setjast i verk, har vi opplevd eit stort behov for å drøfta dette i det partssamansette utvalet.

Difor vert det tatt initiativ til å oppnemna utvalet no og samstundes beklaga at det ikkje vart sett i verk like etter valet.

AU har foreslått at dei same personane vert med over i det nye utvalet. Det vil seia: Inger Synnevåg og Bjørn Helge Olsen frå soknerådet. Dei tilsette sin representant er for tida Amelie Knieriem Storebø. Grunna tidspress har vi tatt oss den fridomen å ha første møte i administrasjonsutvalet allereie 14.januar, for å følgja opp dei ulike vurderingane som no må gjerast.

Som nemnt i orienteringane, har allereie Evy Beate Uthaug fått tilbod om å utvida stillinga si med 30% frå og med 1.april 2025. Dette har blitt gjort på grunnlag av ei drøfting i AU. Då vil ho samla sett få ei 100% stilling, noko ho allereie har takka ja til. Reint formelt må ho tilsetjast i soknerådet – noko som vil skje i neste soknerådsmøte.

På neste soknerådsmøte er planen også å tilsetja ny kyrkjemusikar. AU har drøfta utlysingsteksten og lyst ut stillinga. Vi har likevel tatt dette opp i det partssamansette utvalet, sjølv om vi ideelt sett burde hatt dette utvalet på plass før stillinga vart utlyst.

Etter omrokeringane vil det vera ein 25% stillingsressurs i flyt, som skal fyllast opp. Administrasjonsutvalet tilrår at utvidinga skal dreia seg om meir trusopplæring – då særskilt retta inn mot dei yngste aldersgruppene. Det partssamansette utvalet meiner dette må forankrast i soknerådet, med tanke på kva for tiltak og aldersgrupper som skal prioriterast. Utvalet meiner vidare at det er naturleg at den som allereie har trusopplærarstillinga får tilbod om utviding av si stilling. At ein brukar litt tid på dette inneber at ei utviding ikkje vil vera aktuell før etter ferien.

Hovedavtalen § 10 -1 a), regulerer oppretting av administrasjonsutval. Austrheim sokn har hatt eit slikt utval lenge. AU hadde forslag om reoppnemning av det førre utvalet. Inger Synnevåg og Bjørn Helge Olsen var soknerådet sine representantar då. Det er dei også no – sidan begge to har sagt ja til å vera med vidare.

AU ønskjer at soknerådet skal ha tilsetjingmyndet for alle stillingane i soknet. Samstundes ønskjer dei administrasjonsutvalet si innstilling.

Vi har som nemnt hatt møte i administrasjonsutvalet den 14.januar. Administrasjonsutvalet gir si tilslutning til dei prosessane som AU har gjennomført til no.

Framlegg til vedtak:

Austrheim sokneråd oppnemner, med heimel i Hovedavtalen § 10 – 1, nytt administrasjonsutval for Austrheim sokn fram til neste kyrkjeval i 2027.

Administrasjonsutvalet består av:

- *Inger Synnevåg (leiar)*
- *Bjørn Helge Olsen (nestleiar)*

Tilsette sin representant er for tida: Amelie Knieriem Storebø.

Vedtak:

Austrheim sokneråd oppnemner, med heimel i Hovedavtalen § 10 – 1, nytt administrasjonsutval for Austrheim sokn fram til neste kyrkjeval i 2027.

Administrasjonsutvalet består av:

- ***Inger Synnevåg (leiar)***
- ***Bjørn Helge Olsen (nestleiar)***

Tilsette sin representant er for tida: Amelie Knieriem Storebø.

F – 06/2025 GODKJENNING AV SØKNAD KOMMUNAL GARANTI –
REFINANSIERING AV 2 LÅN I KOMMUNALBANKEN.

Bakgrunn:

Soknet har 2 serielån i Kommunalbanken. Denne saka har vore oppe i soknerådet på møtet i september i fjor. Soknerådet vedtok, etter anbefaling frå kommunen, om å søkja om kommunal sjølvskyldnargaranti på kr 3.500 000. Inkludert i dette beløpet er det planlagt ei refinansiering av 2 serielån til 1 samla annuitetslån, med eit påplussingsbeløp. Dette mellomlegget var planlagt tatt ut og overført til eit investeringsfond til seinare bruk. Kinderegget med denne framgangsmåten er å slå saman to lån til eitt og samstundes ta ut midlar til naudsynte investeringar, samstundes som vi får betra likviditeten til soknet.

Soknet har 2 lån i Kommunalbanken:

- Lån nr 1; Lånenr 20090664 – betalt ut 18.11.2009 med formål utbetring av kyrkjevindaugene. Lånet var opprinneleg pålydande kr 1.000.000. Til rest pr 01.01.2025: kr 400.000. Faste avdrag på år er kr 40.000 + renter.
- Lån nr 2: Lånenr 20110251 – betalt ut 20.05.2011, med formål utviding av gravplassen i Leirvågen. Lånet var opprinneleg pålydande kr 5.000.000. Til rest pr 01.01.2025: kr 2.300.000. Faste avdrag pr år er kr 200.000 + renter. Lånet vart tatt opp av soknet i den perioden då kommunen var på Robeklista. Kommunen kunne på det tidspunktet ikkje ta opp lån i sitt namn, men det som då heitte Fylkesmannen kunne godkjenna låneopptaket om soknet stod som låntakar.

Kommunen vedtok som kjent ein kommunal sjølvskyldnargaranti på sitt møte 12.desember 2024 i sak 117/2024. Kommunestyrets vedtak hadde denne ordlyden: «*Austrheim kommune innvilgar Austrheim Sogn ein sjølvskuldnargaranti på kr 3.560.000 som tryggleik for lån....*» Som tilleggs punkt til vedtaket er ei rekke formalia som følgjer av eit slikt vedtak.

Økonomisjef orienterte om at vedtaket måtte til Statsfovaltaren for endeleg godkjenning.

Statsforvaltaren godkjente kommunen sitt vedtak, men med ei vesentleg avgrensing: Det vart berre gitt godkjenning for å refinansiera 2.700.000 og ikkje påplussingsbeløpet.

Statsforvaltaren krev 2 kommunale garantiar om dei skal godkjenna den framgangsmåten vi ønskjer: D.v.s. kommunal garanti for det beløpet som står til rest på dei to låna (kr 2.700.000) og kommunal garanti for påplussingsbeløpet. Statsforvaltaren krev 2 kommunestyrevedtak på dette.

Vi har drøfta dette i AU og kome fram til at vi ser oss nødt til å ta denne omvegen og få på plass desse vedtaka, etter den framgangsmåten som Statsforvaltaren krev. Leiar og kyrkjeverje har allereie sendt ny søknad til kommunen v/økonomisjef om dette (sjå vedlegg). Denne søknaden er tilstrekkeleg for at økonomisjef kan fremja sak om 2 garantivedtak for formannskapet. Om soknerådet er enige i at vi tek denne runden og konkluderer med 2 vedtak – der vi søkjer om kommunal sjølvskyldnargaranti for 2 beløp på tilsaman 3.500.000 – så vert vedtaka oversendt kommunen

umiddelbart etter møtet. Vedtaka vil då liggja til grunn for ny handsaming i kommunestyret.

KLP-bank, som vi har fått eit lånetilbod frå, er løpande orientert om prosessen. Deira tilbod står ved lag.

Drøfting:

Den viktigaste grunnen for at vi vurderer det som naudsynt å gå ein ekstra runde og følgja krava frå Statsforvaltaren, er at vi no har sjansen til å få til ei refinansiering med ei vesentleg påplussing – samstundes som dette til overmål betrar soknet sin likviditet.

Å få frigjort eit påplussingsbeløp på 800 000 kroner, vil gje soknet ein langt større økonomisk handlefridom og gjera oss mindre avhengige av investeringstilskot frå kommunen. Det synest vera opplagt at det er viktig å få på plass heile denne pakken og at dette er både i soknet og kommunens interesse.

Om vi berre skulle godtatt ei refinansiering utan påplussing, så hadde vi fått ein litt betre likviditet, på grunn av eit mindre lånebeløp. Men vi ville blitt langt meir avhengige av kommunen til nødvendige investeringsprosjekt.

Det er viktig å påpeika at påplussingsbeløpet under ingen omstende skal brukast i drifta, men utelukkande til investeringar.

Så kunne det vore fristande å spørja om kor nødvendig og fornuftig bruk av arbeidstid det er, å måtta forseinka ein slik prosess og lessa på med ekstra arbeid for å få 2 vedtak istadenfor 1 – som gjeld ein sjølvskyldnargaranti for akkurat det same beløpet.

Framlegg til vedtak:

Austrheim sokneråd søkjer om kommunal sjølvskyldnargaranti for refinansiering av soknet sine 2 lån i kommunalbanken. Formålet er refinansiering i KLP bank. Garantibeløpet er på kr 2.700.000. Det vert søkt om garanti for eit påplussingsbeløp for seg i ei eiga sak. Samla garantibeløp vert då kr 3.500 000.

Vedtak:

Austrheim sokneråd søkjer om kommunal sjølvskyldnargaranti for refinansiering av soknet sine 2 lån i kommunalbanken. Formålet er refinansiering i KLP bank. Garantibeløpet er på kr 2.700.000. Det vert søkt om garanti for eit påplussingsbeløp for seg i ei eiga sak. Samla garantibeløp vert då kr 3.500 000.

F – 07/2025 GODKJENNING AV SØKNAD KOMMUNAL GARANTI –
PÅPLUSSINGSBELØP I SAMBAND MED REFINANSIERING AV 2 LÅN
I KOMMUNALBANKEN.

Bakgrunn:

Syner til F – sak 06/25, som gjer greie for heile prosessen vedk, søknad om kommunal sjølvskyldnargaranti for refinansiering av 2 lån i Kommunalbanken. I F-sak 23/2024 den 4.september, beslutta soknerådet å søkja om kommunal sjølvskyldnargaranti på inntil 3.500 000 kroner. Eter innbetaling av siste avdrag i 2024, er restgjelda på låna kr 2.700.000. Det betyr at ein garanti på inntil 3.500.000, vil føra til at soknet får tilgang til eit mellomlegg på 800.000 kroner. Dette er midlar som skal setjast på fond og brukast til naudsynte investeringar.

Når vi no søkjer om eit slikt mellomlegg/påplussing, så er dette også etter tilråding frå kommunen.

Kommunestyret har også gitt si tilslutning i sak 117/2024 den 12.desember, der soknet vart innvilga ein kommunal sjølvskuldnargaranti på kr 3.560.000.

Likevel har ikkje Statsforvaltaren godkjent heile pakken og avgrensa sitt løyve til utelukkande å gjelda det som er restgjelda på dei 2 låna soknet har i Kommunalbanken, det vil seia kr 2.700.000. Statsforvaltaren krev 2 kommunale garantiar om dei skal godkjenna ei refinansiering med ei påplussing.

Drøfting:

Den viktigaste grunnen for at vi vurderer det som naudsynt å gå ein ekstra runde og følgja krava frå Statsforvaltaren, er at vi no har sjansen til å få til ei refinansiering med ei vesentleg påplussing – samstundes som dette til overmål betrar soknet sin likviditet.

Å få frigjort eit påplussingsbeløp på 800 000 kroner, vil gje soknet ein langt større økonomisk handlefridom og gjera oss mindre avhengige av investeringstilskot frå kommunen. Det synest vera opplagt at det er viktig å få på plass heile denne pakken og at dette er både i soknet og kommunens interesse.

Om vi berre skulle godtatt ei refinansiering utan påplussing, så hadde vi fått ein litt betre likviditet, på grunn av eit mindre lånebeløp. Men vi ville blitt langt meir avhengige av kommunen til nødvendige investeringsprosjekt.

Det er viktig å påpeika at påplussingsbeløpet under ingen omstende skal brukast i drifta, men utelukkande til investeringar.

Så kunne det vore fristande å spørja om kor nødvendig og fornuftig bruk av arbeidstid det er, å måtta forseinka ein slik prosess og lessa på med ekstra arbeid for å få 2 vedtak istadenfor 1 – som gjeld ein sjølvskyldnargaranti for akkurat det same beløpet.

Framlegg til vedtak:

Austrheim sokneråd søker om kommunal sjølvskyldnargaranti for eit påplussingsbeløp på kr 800 000 i samband med refinansering i KLP bank av soknet sine 2 lån i Kommunalbanken. Soknet søker med dette om garanti for eit samla refinansieringsbeløp på kr 3.500 000

Vedtak:

Austrheim sokneråd søker om kommunal sjølvskyldnargaranti for eit påplussingsbeløp på kr 800 000 i samband med refinansering i KLP bank av soknet sine 2 lån i Kommunalbanken. Soknet søker med dette om garanti for eit samla refinansieringsbeløp på kr 3.500 000

MØTEBOK

SOKNERÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
22.01.2025

Tilstades på møtet

Medlemer: Gerd Solheim, Linda Brandtun, Hanne Daae, Bjørn Helge Olsen, Anny Bertelsen, Anne Dahle Austrheim, Helge Dyrkolbotn

Meldt forfall: Toril Hordvik, Terje Håland

Varamedlemer: .Inger Synnevåg

Møtte ikkje: Randi Kjeilegavlen Dyrøy

Andre:

Kyrkjeverja: Leif Arne Økland.

S – 01/2025 ORIENTERINGAR

- Den store jubileumsbasaren 26.januar 2025. Gjennomgang og arbeidsfordeling.
- Jubileumsåret 2025. Gjennomgang og oppdatering av dei ulike aktivitetane.

Sagt i møtet: Sannsynlegvis behov for å endra datoen for Fonnes dagen. Dette har samanhengen med den nasjonale havfiskekonkurransen som er lagt til Fedje, same dato som Fonnesdagen er planlagt.

S – 02/2025 MØTEPLAN 2025

Det er ønskjeleg å få vedtatt dei ulike tilsetjingane så snart som råd. Det er difor ønskjeleg med eit soknerådsmøte forholdsvis tidleg etter dette møtet.

Minner elles om at det vert **årsmøte** med besøk av Randi og Jan Ulveseth – onsdag 26.mars kl 18.00. (same dagen er det bygdetreff på dagtid, som ein del av jubileumsprogrammet).

Soknerådet uttalte i fjor at dei ønskjer å slå saman årsmøtet med ein frivilligfest, som ein kan gjera litt meir ut av. Soknerådet kunne tenkja seg at forsongargruppa deltok og at det vart lagt inn ein liten salmekveld, gjerne ein quiz og sjølvstelt gjennomgang av årsmeldinga. Kor vidt dette let seg gjera no i jubileumsåret bør kunna drøftast.

Framlegg til møteplan våren 2025:

Soknerådet:

- Onsdag 12.februar kl 18.00
- Onsdag 19.mars kl 18.00
- Onsdag 30.april kl 18.00
- Onsdag 11.juni kl 18.00

Arbeidsutvalet:

- Onsdag 29.januar kl 15.00
- Onsdag 5.mars kl 15.00
- Onsdag 9.april kl 15.00
- Onsdag 28.mai kl 15.00

Møteplan vart vedtatt som foreslått.